

## **Utval for natur og næring har behandla sak 42/2023 i møte den 22.08.2023**

### **Behandling**

Følgande hadde ordet under behandling av saka: Hilde K B Øynebråten, Halvard Møllerpass, Botolv Knaldre. Avdelingsleiar Hanne Cecilie Nes og arealplanleggar Sander Lilleslett svara på spørsmål.

Einstemmig vedteke: 7-0

med følgande tillegg:

- Det blir tillatt med inntil 58 fritidseiningar i planområdet. Samla antal personekvivalentar (pe) i planområdet skal ikkje overstige 205 pe. Norsk vann sin standard skal leggast til grunn i berekninga av antal pe per eining.
- Det skal undersøkast om ein kan nytte den eksisterande drikkevasskjelda til Golsfjellet Vest AS.

### **Vedtak**

Utval for natur og næring vil i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 legge detaljregulering Glomsrud, planID 2022002, ut til offentleg ettersyn på følgande vilkår:

I

- Det skal leggast inn rekkefølgekrav om at det må søkast plangodkjenning frå Mattilsynet av etablerings- og driftsplanar for nytt vassforsyningssystem.
- Dersom det blir henta skriftleg samtykke frå eigar av naboeigedom i sør, kan byggegrensa forblia som den er i plankart datert 11.08.2023. Dersom det ikkje blir innhenta skriftleg samtykke frå eigar av naboeigedom i sør, skal det leggast inn bestemmelse om at byggegrensa i sør skal vere minst byggets halve høgde og ikkje under 4 meter. Plankartet må i tilfelle også justerast Dette skal vere avklara før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.
- Det blir tillatt med inntil 58 fritidseiningar i planområdet. samla antall personekvivalentar (pe) i planområdet skal ikkje overstige 205 pe. Norsk vann sin standard skal leggast til grunn i berekninga av antall pe per eining.
- Det skal undersøkast om ein kan nytte den eksisterande drikkevasskjelda til Golsfjellet Vest AS.

II

Utval for natur og næring tilrår at det blir utarbeidd matjordplan til 2. gongsbehandling. Tiltakshavar må nytte seg av jordbruksfagleg/agronomisk fagkompetanse i samband med utarbeiding av matjordplanen. Kompetansen skal skildrast. Matjordplanen skal godkjennast av landbruksavdelinga.

III

Det blir delegert til kommunedirektøren å kvalitetssikre dokument og gjere redigeringsmessige endringar i plandokumenta før offentleg ettersyn.

